

---

**Saknr:** 2020/1479-13  
**Saksbehandlar:** Adeline Berntsen Landro

---

### Saksgang

Utv.aksnr.	Møtedato
10/20	29.04.2020

### Uttale i samband med sak om organisering av fagskulane i Vestland

Forslag til vedtak

1. Styret for Fagskolen i Hordaland gjev uttale i samband med politisk sak om organisering av fagskulane i Vestland fylkeskommune som det kjem fram av saka.

### Samandrag

Styret for Fagskolen i Hordaland gjev med dette uttale i samband med sak PS 6/20 som vart handsama av Hovudutval for opplæring og kompetanse 13.02.2020. Styret støttar fylkesrådmannen sin innstilling om at dei to fagskulane i Vestland vert slått saman til ei eining, men ønskjer at tidspunktet for samanslåing vert utsett til 01.01.2022 for å sikre ein god samanslåingsprosess.

Torbjørn Mjelstad  
rektor, Fagskolen i Hordaland

Adeline Berntsen Landro  
Seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Styret for Fagskolen i Hordaland gjev med dette uttale i samband med sak PS 6/20 som vart handsama av Hovudutval for opplæring og kompetanse 13.02.2020 med følgjande vedtak:

«Saka vert utsett og sendt på høyring til styra for fagskulane i Sogn og Fjordane og Hordaland, før den vert politisk handsama.»

Styret for Fagskolen i Hordaland er positiv til at dei to fagskulane vert organisert som ei eining. Dei store endringane som har blitt gjennomført i fagskulesektoren dei siste åra i høve til lov- og regelverk, finansieringsordning, aukande krav til kvalitet og ønskje om vekst i sektoren, gjer at det er viktig å styrke fagskulane. For å imøtekomme dei aukande krava til sektoren er det naudsynt med større einingar med god administrativ kapasitet.

I høve til tidspunktet for samanslåinga vil styret tilrå at det ikkje vert gjennomført før 1. januar 2022, fordi det elles vert svært kort tid å gjennomføre ein god samanslåingsprosess no som den politiske saka er utsett. Vidare er det ikkje ønskjeleg å slå saman fagskulane midt i eit budsjettår, til dømes 1. august 2021. Fagskolen i Hordaland er eit resultat av fleire samanslåingar i tidlegare Hordaland fylkeskommune, og gjennom desse prosessane har fagskulen gode erfaringar med å gjennomføre samanslåingar i samband med eit nytt budsjettår. Det er leiinga og administrasjonen ved fagskulane som vil få størst arbeidsmengde med samanslåinga i høve til mellom anna overføring av studentar til eitt skuleadministrativt system (SAS), budsjettering og rekneskap, organisering av den nye skulen med meir. Haustsemesteret ved fagskulen er svært travel for administrasjonen og det er ikkje ønskjeleg å auke arbeidsmengda i ein tid med mange nye studentar som skal på plass i eit nytt skuleår.

Vidare vil styret skissere prosessar som vil vere naudsynt i samband med ein samanslåing av dei to fagskulane i Vestland fylkeskommune.

### *Prosjektstyre og tilsetting av rektor*

Ved samanslåing av fagskular må det, som det går fram av saka (PS 6/20), opprettast eit prosjektstyre for den nye fagskulen som skal handsame saker som vedkjem den nye eininga. Jf. fagskulelova skal styret t.d. sjølv tilsette rektor, årleg vedta tilbudsstruktur og fastsette forskrift om opptak<sup>1</sup> og rangering, eksamen, disiplinære sanksjonar og klagehandsaming<sup>2</sup>. Styret skal også fatte vedtak om eventuelle vesentlege endringar i studieplanar som igjen skal godkjennast av NOKUT. Desse oppgåvene kan ikkje verte handsama av dei to styra for Fagskolen i Hordaland og Fagskulen i Sogn og Fjordane, men må handsamast av prosjektstyret for den nye fagskulen. Nye lokale forskrifter må vere sendt på open høyring og vedteke av prosjektstyret før samanslåinga trer i kraft. Forskriftene skal offentleggjerast i Norsk Lovtidend.

### *Arbeid med studieplanar*

Fagskular utviklar og utarbeidar utdanningar sjølv og må søkje NOKUT om akkreditering. Det er styret og fagskulane sjølv som er ansvarleg for vidareutvikling av utdanningane og for å sikre at dei vert drifta i tråd med gjeldande regelverk for akkreditering. Fylkeskommunale fagskular nyttar stort sett nasjonale planar for teknisk fagskuleutdanning innan ei rekkje utdanningar, men det kan ofte vere lokale variasjonar i innhald og liknande. Dei to fagskulane i Vestland fylkeskommune har akkreditering for fleire utdanningar innan same fagområde. Døme på dette er Bygg, Anlegg, Elkraft, maritime utdanningar med fleir. Gjennom ein samanslåingsprosess vil det vere naudsynt å etablere felles studieplanar innan dei utdanningane som er under same fagområde. Dersom det er større endringar i studieplanane må den nye skulen søkje NOKUT om ny akkreditering for desse. Det må vere eit mål at nye felles studieplanar trer i kraft den påfølgjande hausten

<sup>1</sup> <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-11-28-1604>

<sup>2</sup> <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-11-28-1613>

etter samanslåinga for nye studentar. Studentar som er i gang med ei utdanning har rett til å følgje opphøveleg studieplan.

#### *Administrativ organisering*

Etter at fylkestinget har oppretta eit prosjektstyre, og prosjektstyret har tilsett rektor for den nye fagskulen, må rektor etablere leiar og avdelingsstruktur for den nye skulen. Den nye fagskulen vil bli den største fylkeskommunale fagskulen i landet med 8 studiestader spreidd over eit stort geografisk område. Det er viktig å sikre god organisering og leiarstruktur for det vidare arbeidet med å bygge felles kultur. Det er også viktig at studentane skal få lik informasjon og retningslinjer på tvers av studiestadene i tråd med lokale forskrifter.

#### Vedtak om tilbudsstruktur for ny fagskule

Jf. fagskulelova § 9 er det styret sjølv som skal fatte vedtak om at det etter styrets skjønn er forsvarleg å ta opp nye studentar, og vedtaket skal gjerast før studiestart. Dette vert gjort gjennom ein årleg sak om tilbudsstruktur basert på søkjartal og økonomi ved fagskulen. Begge fagskulane i Vestland har krevjande økonomiske føresetnader i høve til aktivitetsnivået, og ved ein samanslåing vil det vere ein stor føremon å slå saman skulane før nytt styre skal handsame tilbudsstruktur slik at ein kan sjå søkjarar og budsjett under eitt.

#### Skuleadministrativt system

Vestland fylkeskommune skal innføre nytt SAS (VIS) frå og med hausten 2021. I dag nyttar dei to fagskulane kvart sitt SAS (Extens og Sats). I samband med innføring av VIS skal skulane planlegge skuleåret 21/22 i det nye systemet, samstundes som at ein nyttar dei gamle systema i overgangen. Det nye SAS har fleire funksjonar enn det gamle systemet, og dette gjer at fagskulane må endre ein del av sine arbeidsprosessar som tidlegare vart handtert i andre system. I overgangen til nytt SAS må ein såleis rekne med større arbeidsbelastning i administrasjonen i ein periode, og spesielt våren 2021.

Til slutt vil styret framheve at det vil vere eit mål å sikre ein god samanslåingsprosess som i varetek både tilsette og studentar, og som sikrar god organisering vidare for ein ny og større fagskule med eit stort regionalt nedslagsfelt. I samband med dette ber styret om at det vert gitt tilstrekkeleg med tid til å gjennomføre ein god samanslåingsprosess, og at fagskulane får naudsynt økonomisk og administrativ støtte til det meirarbeidet og dei meirkostnadene som vil følgje av prosessen.